

«MottakerNavn»
«Adresse»
«PostNr» «PostSted»

Trondheim, 23.02.2023

Dykkar ref.:
«Ref»

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2023/3218

Sakshandsamar:
Anders Braa

Planleggingsramme for regionale rovviltnemnder 2023 - førebyggjande og konfliktdempjande tiltak (FKT) og drift

Miljødirektoratet sender med dette ut planleggingsramme for dei regionale rovviltnemndene for 2023. Midlane vert tildelte for å dekke arbeidet til rovviltnemndene med førebyggjande tiltak mot rovviltskadar og konfliktdempjande tiltak, samt utgifter til drift av nemndene og sekretariata. Vi ber om tilbakemelding frå sekretariata om fordeling av midlane innan 12. april 2023.

Midlane for 2023 er løyvd på kapittel 1420, post 21 og 73, jf. Prop. 1 S (2022 - 2023).

Tilskot til rovvilttiltak - Kap 1420.73¹

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Posten dekker utgifter til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i rovviltforvaltninga, inkludert godtgjering til lokale fellingslag. Løyvinga på posten kan òg nyttast til tiltak for å auke kunnskapsgrunnlaget som kjem den todelte målsetjinga til gode. Foreslått løyving er 64,8 mill. kroner, ein reduksjon på 14,8 mill. kroner samanlikna med 2022.

Posten er redusert med 8,8 mill. kroner fordi regjeringa har vedteke å legge ned ordninga for tilskot til omstilling for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald som over lengre tidsrom har hatt omfattande rovviltskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd knytt til landbrukseigedommen. Ordninga har i tidlegare år hatt ei ramme på 10 mill. kroner, og resterande 1,2 mill. kroner blir lagt inn i dei tiltaka som elles er finansierte frå posten.

Vidare er det for meir riktig postplassering frå posten flytta 6 mill. kroner til kap. 1410, post 21, til finansiering av kunnskapsdata om rovvilt som eit viktig basiselement for rovviltforskninga i Skandinavia.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebygge rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikter og auke verdiskapinga knytt til førekomst av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan

¹ Frå Prop. 1 S (2022-2023)

førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010-2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikhtar knytte til førekomstar av rovvilt i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempjande tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak blir fordelte etter gjeldande forskrifter. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempjande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltingsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltingsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltak.

Den todelte målsettinga og målet om ei tydelegare soneforvaltning har ført til at vi har område som er beiteprioriterte, og område som er rovdyprioriterte. Tilskotsmidlane skal nyttast til å støtte opp om den todelte målsettinga, og ein må vurdere søknadane ut frå om tiltaka gjev auka eller redusert konflikt mellom rovdyp og beitedyr. I dette ligg det at ein bør vere varsam med å støtte tiltak gjennom ordninga som stimulerer til auka tal beitedyr i rovviltprioriterte område.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar, følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidde.

Rapport 2021

I 2021 vart det behandla i alt 540 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 226 søknadar om tiltak for å dempe konflikhtar kring rovvilt. Det kom inn 96 søknadar om akutte tiltak, og det vart avslutta omstilling for tre bruk som hadde opplevd vesentleg rovviltskade i besetningane over fleire år. Tilskot til førebygging har truleg effekt for skade og tap av sau. Reduksjonen i tap kan og henge saman med den geografiske differensieringa av rovviltførekomstar. For tamrein er det vanskeleg å finne eigna førebyggjande tiltak.

Sakshandsaming

Fordeling av tiltaksmidlane mellom regionane bygger på innmeldte behov frå statsforvaltarane, rapportering på bruk av midlar tidlegare år, fordeling av dei nasjonale bestandsmåla på den einskilde regionen, og ein skjønsvurdering basert på rapportar og skadehistorikk i den einskilde regionen.

Den einskilde rovviltnemnd skal med utgangspunkt i planleggingsramma fordele midlar til ulike tiltakstypar, og fordele mellom fylke der regionen omfattar fleire fylke. Midlane kan ikkje nyttast til andre føremål enn det som fell inn under framstillinga av budsjettkapittelet og -posten. Den einskilde statsforvaltar vil ta imot søknadar, vere rekneskapsførjande eining, og fordele midlar innanfor den ramma nemnda set av for kvart tiltak og fylke.

Nemnda bør setta av ein reserve for akutte tiltak i dei einstilte fylka, og må sjølv avgjere korleis denne skal disponerast. Miljødirektoratet har, etter ønske frå statsforvaltarane, likevel vald å behalde nokre akuttmidlar sentralt for spesielle høve. Vi ber statsforvaltarane om å melde slike behov skriftleg med ref 2023/3218.

Miljødirektoratet vil minne om at nemndene i planlegginga si må ta høgde for kostnader knytt til ordning med godtgjering ved fellingsforsøk utført av kommunale/interkommunale fellingslag. Refusjonskrav frå kommunane må dekkast av nemndene innanfor dei tildelte rammene av kap. 1420 post 73. Miljødirektoratet har ikkje halde tilbake midlar til dette føremålet.

Statsforvaltarane som tek imot midlar frå Miljødirektoratet kan ikkje overføre midlar seg imellom utan at ei slik overføring er skriftleg akseptert av Miljødirektoratet. Den einstilte statsforvaltar handsamar og tildeler midlar til brukarar innan eige fylke. Sekretariatet til rovviltnemnda skal ikkje handsame sakar på vegne av alle statsforvaltarar i regionen. På same måte må statsforvaltarar som er del av meir enn ein rovviltregion nytte midlane i den rovviltregionen der midlane er tildelt.

For alle søknadar skal handsaminga dokumenterast i søknadssenteret til direktoratet. Denne løysinga skal nyttast for heile landet ved søknad om og rapportering av brukte midlar, og løysinga er obligatorisk for alle søkarar. Dette vil også gje nemndene og statsforvaltarane betre høve til å sikre lik handsaming og gjensidig nytte av røynslar frå gjennomførte tiltak, samt innsyn i alle prosjekt.

Vi gjer merksam på at det ikkje er høve til å betale tilskot utan utlysing. På tilskotspostar skal det berre betalast tilskot, og eventuell tilbakeføring av tilskotsmidlar kan dermed ikkje nyttast til tenestekjøp eller lønn/reise/drift. Forvaltning av Miljødirektoratet sine tilskotsmidlar er innanfor dei faste oppgåvene for statsforvaltarembeta og skal dekkjast over kap. 525. Det er difor ikkje høve til å berekne overhead/administrative utgifter av tilskotsmidlar. Eventuelle restmidlar på kap. 1420 post 73 skal rapporterast til Miljødirektoratet for eventuell tilbaketrekking. Det er ikkje høve til å nytte restmidlar til andre føremål eller til anna enn tilskot.

Samla løyving til føremålet er på 64,751 mill. kroner i 2023. I tillegg er midlar overført frå 2022. Av ramma vert det gjeve ei fordeling på 67,25 mill. kroner til rovviltnemndene.

Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak finst tilgjengeleg på Lovdata; [Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak - Lovdata](#)

Tenestekjøp rovvilttiltak - Kap. 1420.21

Midlar til tenestekjøp og forskingsaktivitet i regi av direktoratet og rovviltnemndene vert tildelte over kap. 1420 post 21. Dette kan til dømes vere oppgåver knytt til forskning og utgreiing som hjelper til med utvikling og iverksetting av effektive førebyggande tiltak, eller evaluering av effektar av igangsette tiltak. Fordeling av midlane mellom regionane bygger på innmeldte behov frå statsforvaltarane, og rapportering på bruk av midlar tidlegare år.

I samsvar med rovviltforliket i 2011, (Representantforslag 163 S (2010-2011)), er det ønskeleg å sikre ei rask og effektiv handsaming av spørsmål knytt til den daglege forvaltninga av rovvilt, medrekna svar på søknader om fellingsløyve på rovdyr, aktuelle førebyggande tiltak osv. Rovviltnemndene bør legge til rette for å sikre vaktordningar hos statsforvaltaren som tar omsyn til dette.

Vi gjer merksam på at kap. 1420 post 21 er ein driftspost og at det på denne posten berre skal belastast utgifter til tenestekjøp, lønn, reiser og anna drift. Midlane kan dermed ikkje nyttast til utbetaling av tilskot. Rovviltnemndene vert tildelte ei ramme på 6,9 mill. kroner til slike utgifter i 2023.

Tab.1. Tildelt ramme for 2023 - Kap 1420.73 (prosjekt 08116) og 1420.21 (prosjekt 22104).

| Region | Tilskot Kap. 1420.73 <i>Prosjekt 08116</i> | Tenestekjøp Kap 1420.21 <i>Prosjekt 22104</i> |
|--------|--|---|
| 1 | 850 000 | 350 000 |
| 2 | 3 000 000 | 450 000 |
| 3 | 5 000 000 | 1 000 000 |
| 4 | 4 900 000 | 600 000 |
| 5 | 15 500 000 | 1 000 000 |
| 6 | 13 500 000 | 1 500 000 |
| 7 | 10 500 000 | 500 000 |
| 8 | 14 000 000 | 1 500 000 |
| SUM | 67 250 000 | 6 900 000 |

Vi ber sekretariata informere oss om fordelinga av midlane innan eigen region innan 12. april 2023. Tilbakemeldinga skal sendast til postmottak@miljodir.no og merkast ref 2023/3218.

Midlane til tilskot og tenestekjøp vil bli tildelt den einskilde statsforvaltar i supplerande tildelingsbrev frå Miljødirektoratet i slutten av april.

Drift av nemnder og sekretariat - Kap 1420.21

Midlar til å dekke møtegodtgjersle og reiser til nemnda, drift av sekretariatet og auka kapasitet i enkelte fylker, vil bli tildelte over kap. 1420 post 21. Totalt er det sett av 9,35 mill. kroner til dette i 2023.

Miljødirektoratet har tildelt 3,25 mill. kroner til vidareføring av auka kapasitet ved enkelte sekretariat/statsforvaltarar i endeleg tildelingsbrev 2023 frå KMD ("Styrking av saksbehandlerkapasitet rovvilt", prosjekt 22103). Dette er knytt til særlege utfordringar i einskilde fylke. Det er sett av lønnsmidlar til Statsforvaltaren i Innlandet (1 250 000,-), Statsforvaltaren i Oslo og Viken (500 000,-), Statsforvaltaren i Trøndelag (500 000,-) og Statsforvaltaren i Troms og Finnmark (1 000 000,-). Disse midlane er tildelt til faste oppgåver i fleire år, og vil truleg bli rammeoverført til Kap 525 frå 2024.

Fordeling av midlane mellom regionane bygger vidare på innmeldte behov frå statsforvaltarane, og rapportering på bruk av midlar tidlegare år. Behova er ulike, blant anna på grunn av planlagt møtetfrekvens i nemndene og reiseavstandar.

Tab.2. Tildelt ramme for 2023 - Kap 1420.21 (prosjekt 00001 og 22103).

| Region | Drift av nemnder Kap 1420.21 <i>Prosjekt 00001</i> | Drift av sekretariat Kap 1420.21 <i>Prosjekt 22103</i> | Sum |
|------------|--|--|------------------|
| 1 | 475 000 | | 475 000 |
| 2 | | 550 000 | 550 000 |
| 3 | 300 000 | 350 000 | 650 000 |
| 4 | | 600 000 | 600 000 |
| 5 | 400 000 | 350 000 | 750 000 |
| 6 | 1 000 000 | | 1 000 000 |
| 7 | | 875 000 | 875 000 |
| 8 | 1 200 000 | | 1 200 000 |
| SUM | 3 375 000 | 2 725 000 | 6 100 000 |

Disse midlane er allereie tildelt ansvarleg statsforvaltar (sekretariatet) i endeleg tildelingsbrev 2023 frå KMD. Ikkje alle sekretariat har skilt mellom drift av nemnder og drift av sekretariat i sin innmelding av behov, men sum av tildelt ramme tar høgde for det, og midlane kan sjåast i samanheng. Midlane til drift av sekretariatet må og sjåast i samanheng med "styrking av saksbehandlerkapasitet rovvilt".

Disse midlane er nå tildelt direkte til ansvarleg statsforvaltar, og midlar som skal brukas av andre statsforvaltarar i regionen, bør tildelast av tenestekjøp rovvilttiltak (prosjekt 22104), se tab. 1, som tildelast formelt i supplerende tildelingsbrev.

I rapportering på bruk av midlane ber vi om at statsforvaltar skiljer mellom midlar til drift av nemnder og drift av sekretariat. Dette gjelder og ved innmelding av behov for 2024.

Anna informasjon frå Miljødirektoratet

Revisjon av forskrift

Ei intern arbeidsgruppe i Miljødirektoratet jobbar med revisjon av dagens forskrift om tilskot til førebyggjande tiltak mot rovviltskade og konfliktdempande tiltak (FKT). Vi har arrangert innspels møte med statsforvaltaren hausten 2022, og med organisasjonane i Kontaktutvalet for rovvilt i januar 2023. Forslag til forskrift skal etter planen sendes på høyring ca. 1. mai. Planen er at revidert forskrift skal gjelde frå og med søknadsåret 2024.

Tilskotsordninga til tiltak i kommunar med ulverevir er avvikla

I 2017 blei det etablert ei eiga tilskotsordning for kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold. Formålet med ordninga var å bidra til konfliktdemping i kommunar med ulverevir. Denne ordninga er no avvikla, og siste år med tildeling var i 2021.

Om satsar for tidleg sankning av sau og bruk av heimebeite

Miljødirektoratet har i 2018 fastsett felles nasjonale satsar for tidleg sankning av sau og bruk av heimebeite, jf *Forskrift om tilskudd til forebyggjande tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak § 10*; [Forskrift om tilskudd til forebyggjande tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak - Lovdata](#)

Standard rovdyravvisande gjerde

Miljødirektoratet fastsette oppdatert standard for rovdyravvisande gjerde 25. juni 2018. Denne er tidlegare sendt ut til statsforvaltarane, og ligg tilgjengeleg på Lovdata; [Forskrift om rovdyravvisende gjerde - Lovdata](#)

Rapportering

Det er statsforvaltarane sitt ansvar å sjå til at økonomistyring i staten kap. 6 "Forvaltning av tilskotsordningar" blir etterlevd, og at føringar i forskrifta som regulerer bruken av tilskot til førebyggjande og konfliktdepande tiltak og føringar gjevne i supplerande tildelingsbrev blir følgt.

Det er viktig at søknadane blir lagt rett inn i ESS. Søknadar med fleire tiltak må deles inn i tiltakstypar og rapportere bruk av tilskot for kvar tiltakstype.

Statsforvaltarane skal rapportere bruken av tilskot til førebyggjande og konfliktdepande tiltak innan 21. januar 2024 på eige tilpassa skjema til Miljødirektoratet. Vi reviderte skjema for rapportering i 2020, slik at også bruken av 1420.21 blir rapportert. På det viset blir det og tydeleg skilnad på bruken av postane 21 og 73. Statsforvaltarar som har del i meir enn ein rovviltregion må rapportere bruken av postane 21 og 73 for kvar region i separate faner i rapporteringsskjemaet.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Ivar Myklebust
avdelingsdirektør

Knut Morten Vangen
seksjonsleder

Kopi til:

| | | | |
|--|---------------------|------|-------------|
| STATSFORVALTAREN I ROGALAND | Postboks 59 Sentrum | 4001 | STAVANGER |
| STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL | Postboks 2520 | 6404 | MOLDE |
| STATSFORVALTEREN I AGDER | Postboks 504 | 4804 | ARENDAL |
| STATSFORVALTAREN I VESTLAND | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR | Postboks 2076 | 3103 | TØNSBERG |
| STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN | Postboks 325 | 1502 | MOSS |
| STATSFORVALTEREN I INNLANDET | Postboks 987 | 2604 | LILLEHAMMER |
| STATSFORVALTEREN I TRØNDELAG | Postboks 2600 | 7734 | STEINKJER |
| STATSFORVALTEREN I NORDLAND | Postboks 1405 | 8002 | BODØ |
| STATSFORVALTEREN I TROMS OG FINNMARK | Postboks 700 | 9815 | VADSØ |

| | | | |
|--------------------------------|-------------------|------|------------|
| KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET | Postboks 8013 DEP | 0030 | OSLO |
| LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET | Postboks 8007 Dep | 0030 | OSLO |
| LANDBRUKSDIREKTORATET | Postboks 56 | 7701 | STEINKJER |
| MATTILSYNET | Felles postmottak | 2381 | BRUMUNDDAL |
| | Postboks 383 | | |